



Advokatfirmaet Høgseth DA
Litleåsvegen 41
5132 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2166 - 22/3822

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
14.01.2022

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 443/11 Toska

Tiltak: ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 443/11
Tiltakshavar: Kristoffer Toska
Ansvarleg søkjar:

Vi stadfestar med dette å ha mottatt dykkar klage på vedtak i sak 21/2166 med saknr.150/21, datert 13.10.2021, fatta av Utval for areal, plan og miljø, om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplan for Radøy sin arealdel (KPA) og frå byggeforbodet i 100-meters beltet mot sjø og vedtak om oppretting av ny grunneigedom om lag 1800m² med etablert våningshus, eldre SEFRAK registrert hus og naustetomt - gbnr 443/11 Toska. Klagen er mottatt innan rett tid den 18.11.2021.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 19.01.2022. Møta vert i utgangspunktet halde på Region Nordhordland Helsehus (RNH), Kvasnesvegen 40, 5914 Isdalstø. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen i Vestland) for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtak i sak 21/2166 med saknr.150/21, datert 13.10.2021. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplan for Radøy sin arealdel (KPA) og frå byggeforbodet i 100-meters beltet mot sjø og vedtak om oppretting av ny grunneigedom om lag 1800m² med etablert våningshus, eldre SEFRAK registrert hus og naustetomt - gbnr 443/11 Toska.

Vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon og løyve til oppretting av ny grunneigedom. Det er ikkje søkt om oppmålingsforretning pr. dags dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og løyve til oppretting av ny grunneigedom inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å iverksette ein oppmålingsforretning før klagen på vedtaket om dispensasjon og løyve til oppretting av ny grunneigedom er endeleg avgjort. Ei eventuell omgjering av vedtaket som no ligg føre, vil kunne føra til at oppmålingsforretning vert igangsatt på feil grunnlag slik at dette vedtaket også må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og løyve til oppretting av ny grunneigedom.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatfirmaet Høgseth DA
Kristoffer Toska

Litleåsvegen 41
Toskavegen 504

5132 NYBORG
5936 MANGER

Mottakarar:

Advokatfirmaet Høgseth DA
Frank Kvammen
Kari Heggenes Kvammen
Kristoffer Toska
Statsforvaltaren i Vestland

Litleåsvegen 41
Toskavegen 492
Toskavegen 492
Toskavegen 504
Njøsavegen 2

5132 NYBORG
5936 MANGER
5936 MANGER
5936 MANGER
6863 Leikanger